

Vedlegg 1*

| Jaktfelt | Størrelse på jaktfelt | Fordeling i prosent | Antall dyr Iht prosent | Antall dyr Avr. | Vaksne Hanndyr | Unge Hanndyr 1 ½ år | Vaksne Hodyr | Unge Hodyr 1 ½ år | Kalv |
|------------|-----------------------|---------------------|------------------------|-----------------|----------------|---------------------|--------------|-------------------|-----------|
| Brakstad | 4092 | 34,8 % | 15,6 | 16 | 3 | 3 | 3 | 4 | 3 |
| Meland | 2569 | 21,8 % | 9,8 | 10 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Valde | 1426 | 12,1 % | 5,5 | 6 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 |
| Hopland | 1786 | 15,2 % | 6,8 | 6 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 |
| Tveit | 1894 | 16,1% | 7,2 | 7 | 2 | 1 | 1 | 1 | 2 |
| SUM | 11767 | | | 45 | 9 =20% | 9 =20% | 9 =20% | 9 =20% | 9 =20% |

Vedlegg 2**

Retningslinjer for "Restløyver" i Midtre Holsenøy Hjortevald.

Begrepet "Restløyver" vert her brukt om dei fellingsløyver som er igjen i det enkelte jaktfelt når jaktperioden nærmer seg slutt.

Det har vist seg nyttig med hensyn til å oppretthalda ein høg fellingsprosent at desse løyva vert fristilt for jakt i heile storvaldet.

Det har også vist seg nødvendig å ha klare retningslinjer for denne jakta.

Årsmøte i mars 2006 i Midtre Holsenøy Hjortevald gav styret i valdet i oppgave å utarbeide slike retningslinjer før årets jakt.

Følgende retningslinjer vart vedtekne på styremøte i august 2006.

Styret i valdet fastset årleg på møtet i august dato for innføring av jakt på restløyver.
(Eks. 1. Nov.)

Ved bruk av andre jegerer enn dei som hører til i jaktfeltet er det valdets regler for bruk av gjestejegerer som skal følges. Det vil si at jaktfeltets leder plikter å informere grunneigere som det jaktes på, samt andre jegerer som hører til i jaktfeltet om kva som no skjer.

Ved felte dyr (Eks restløyve på kolle fra Hopland jaktfelt som vert felte på Brakstad av ein av Brakstad sine jegerer.) så vert jegeren tilgodesett med eit lår av slaktet, resten tilfaller det jaktfeltet som hadde løyvet opprinnelig, slik at det inngår i fordeling av kjøtt til deres grunneigarar.

Det er jegeren sitt ansvar å ta vare på felte dyr, få dette slakta og på kjøøl snarast råd.

Fellingsavgift for desse dyra vert å betala av opprinnelig jaktfelt som desse var tildelt.

Jegerer som deltar i restjakta plikter å halda valdleiar informert om felte dyr.